



Eit ord
- ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til –
eg må ha fleire steinar
skal eg koma over.
Olav H. Hauge

PROGRAM ULVIK VENSTRE

Valbolken 2007–2011



venstre



INNHALD



Fleire folk til Ulvik	3
Arbeidsplassar og utvikling.....	4
Sosialt ansvar.....	5
Miljø.....	6
Skule og oppvekst.....	7

Venstre er det sosialliberale partiet i Noreg. Politikken vår sameinar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me legg særleg vekt på fire politiske hovudområde: Skule, småverksemdar, sosialt ansvar og miljø.

Venstre tek utgangspunkt i kvart menneske. Fridomen gjeld alle uavhengig av sosial status, nasjonalitet, bustad, hudfarge eller legning. Skal fridomen vera reell for alle, må ein og vera fri frå fattigdom, nød og ulikskap. Me ønskjer eit mangfaldig samfunn der tilhøva mellom menneske byggjer på toleranse og respekt.



FLEIRE FOLK TIL ULVIK!

Den største utfordringa til Ulvik framover, er folketalsutviklinga. Den må me snu. Det viktigaste for å klara det, er å leggja tilrette for at me som bur her vert verande. Arbeidsplassar og trivnad er sentrale stikkord.



Det er ein trend i tida at fleire og fleire ønskjer seg ein heim nummer to. Å gjera det vakkert og tillokkande mellom anna i sentrum, med lett tilgang til sjøen og båt plassar, vil få fleire til å vurdera Ulvik som tilflyttings- og fritidskommune.

Ulvik Venstre vil:

- Prioritera etablering av Hardanger rehabiliteringssenter AS.
- Ha nye og sentrumsnære buområde.
- Prioritera vidareutvikling av Tyssevikje som maritimt miljø.
- Leggja til rette for nye og tenelege næringsområde.
- Etablere eit lokalt næringsutviklingselskap.
- Bidra til vidareutvikling av landbruket i Ulvik.



ARBEIDSPlassar OG Utvikling

For å vidareutvikla og leggja til rette for gode arbeidsplassar, må Ulvik vera ein attraktiv plass å bu og arbeide i. Som landbrukskommune har det avgjerande innverknad å oppretthalda drift på flest mogleg gardsbruk. Landbruket må få råmer som sikrar rekruttering.



Ulvik Venstre vil:

- Realisera Hardanger rehabiliteringssenter.
- Etablera eit lokalt næringsutviklingsselskap. Selskapet skal mellom anna arbeida aktivt for etablering av nye verksemdar, rettleiing og støtte til eksisterande verksemdar.
- Setja i gang utviklingsprosessar for landbruket i samarbeid med dei lokale landbruksorganisasjonane.
- Etablera gode attraktive sentrumsnære buområde, både for einebustadar og mindre bustadar.
- Etablera fleire sosiale møteplassar i sentrum, både for tilreisande og innbyggjarar i alle aldersgrupper.
- Sikra god infrastruktur. Vegnettet lokalt og regionalt må utbetrast og då særleg i høve til rassikring.
- Etablera næringsareal for ulike typar verksemdar. Ulvik har i dag lite tilgjengeleg næringsareal for nye etablerarar.
- Utvikla eit godt samarbeid med grannekommunane, særleg i indre Hardanger, slik at me saman kan skapa ein livskraftig region.
- Oppretthalda betjent stasjon på Finse for å ivareta lokalsamfunnet og verksemdene på Finse.

SOSIALT ANSVAR

Ei god eldreomsorg, ansvar for svake grupper og førebyggjande arbeid, er viktige stikkord for Venstre.



Ulvik Venstre vil:

- Støtta det viktige arbeidet dei frivillige organisasjonane gjer lokalt. Bygda er avhengig av frivillig innsats og heradet må framleis ha eit sterkt engasjement i høve lag og organisasjonar.
- Ta ansvar for dei som treng ekstra støtte i vanskelege livssituasjonar. Me ynskjer at ein så langt som mogleg skal få hjelp lokalt.
- At Ulvik skal framstå som ei tilrettelagt bygd med omsyn til universell utforming.
- Bruka eldrerådet aktivt. Kunnskap og livsrøynsle er viktig for bygda å dra vekslar på.
- Vera positive til å ta i mot fleire flyktningar om storsamfunnet har trong for det.





Miljøansvar er å ta vår del av nasjonale og globale tiltak, og ta vare på lokale miljøverdier. 15% av Noreg sine klimagassutslepp kan kuttast gjennom lokale tiltak. Miljøpolitikk er politikk for barna og barnebarna våre.



Ulvik Venstre vil:

- Etablere miljøvennleg, utsleppsnøytale varmelegg som kan nyttast både i offentlege og private bygg.
- Gje støtte til ENØK-tiltak i private bustader.
- Ta initiativ til å få utarbeida ein tiltaksplan for å minimalisera utslepp av klimagassar, og få til energioptimalisering.
- At Ulvik herad vert ein «Fair trade»-kommune (rettvis handel).
- Kjempe for at ny høgspenningslinje i Hardanger vert lagt i kabel.



SKULE OG OPPVEKST

Skulen er ein av våre viktigaste allmenndannande og sosialt utjamnande samfunnsinstitusjonar. Alle skal ha høve til å utnytta eigne evner og skaparkrefter. Skulen har og viktige funksjonar som demokratibyggjar, kunnskaps- og kulturberar.



Ulvik Venstre vil:

- At Brakanes skule skal vera ein fulldelt skule sjølv om elevgrunnlaget dei næraste åra skulle verta noko mindre.
- Sikra at Brakanes skule har rammer som gjev høg kvalitet på undervisninga i alle fag.
- Leggja til rette for at kulturskulen kan utvikla større breidde i tilbodet til innbyggjarane i Ulvik.
- Oppretthalde det lokale biblioteket med minst like høgt tenestnivå som i dag.
- Etablera fleirbrukshall, enten i samband med Hardanger rehabiliteringssenter, eller i nærområdet til Brakanes skule.
- At Ulvik skal ha tilbod om barnehageplass til ei kvar tid.
- Arbeida for å sikra at Hjeltnes gartnarskule får dei rammene lokalt som gjer skulen konkurransedyktig i høve skular i meir sentrale strøk. Hjeltnes gartnarskule er ei viktig verksemd i Ulvik og eit kompetansesenter for heile regionen.
- Leggja til rette for fleire lærlingplassar i Ulvik, både i offentleg og privat sektor.

ORDFØRARKANDIDAT

1. MONA HELLESNES



Eg er 40 år, oppvaksen på Askøy, men har vore bussett i Ulvik dei siste 15 åra. Av utdanning har eg 3-årig studie i reiseliv på Høgskolen i Lillehammer, og seinare har eg arbeida med mellom anna bygdeturisme, som lærar i vidaregåande skule, som rettleiar i næringspark for etablerarar, og i breibandsselskap. Eg er i dag tilsett som marknadssjef på Rica Brakanes Hotel.

Mi politiske røynsle har eg frå to periodar i Heradsstyret (1995–2003), som gruppeleiar for Venstre. Eg har tru på ei positiv og god framtid for Ulvik, og ynskjer å arbeide for samarbeid og fellesskap både i bygda og med grannane våre.

2. HÅKON GJERDE



Eg er 37 år og oppvaksen i Ulvik. Eg er utdanna på Norges Landbrukshøgskule og arbeidar i dag på Hjeltnes gartnaraskule som elevinspektør og lærar. Tidligare har eg arbeidd innan kommunal og statleg landbruksforvaltning.

Eg har sete ein valperiode i heradsstyret (2003-2007) og ynskjer framleis å vere med å påverke korleis lokalsamfunnet vårt skal formast. Ulvik har mange viktige utfordringar og store prosjekt framføre seg. Eg ynskjer å arbeide for at Ulvik skal vere ei god bygd både for innbyggjarane og tilreisande.

3. TORBJØRG AUSTRUD



Eg er 51 år, oppvaksen i Oslo og på Ås, men har budd i Ulvik dei siste 23 åra. Utdanna naturforvaltar frå Norges Landbrukshøgskule. Arbeider i dag hjå Statens vegvesen, region vest, på Voss, men har vore tilsett i Ulvik herad i 18 år. I tillegg driv me fruktdyrking på Hakestad.

Eg har ingen politisk erfaring. Fleire folk til Ulvik er den viktigste oppgåva vår den neste valbolken. Her er det viktig at me dreg saman og nyttar ressursane våre best mogleg. Ulvik skal bli eit samfunn bygd på gjensidig toleranse og respekt der alle skal kunna utfalda seg til beste for fellesskapen!

4. kandidat – KYRRE MANGER, lærar og bonde

5. kandidat – ODDMUND JORDAL, IT-ansvarleg i Sparebanken Hardanger

6. kandidat – THERESIA A. GERLA, medarbeidar Ulvik bensin og service

Bruk røysteretten – røyst Venstre

Godt val!